



Jarl Martin Møller

Vår referanse
19/12134 20/1840

Din referanse

Sakshandsamar
Sunniva Utnes
Kvangersnes

Dato
30.01.2020

Melding om politisk vedtak - Regulering av parkering ved høgskulen i Volda

Tenesteutval for forvaltning og utvikling har i møte 28.01.2020, sak 07/20, fatta følgjande vedtak:

TFU legg sak om innføring av «vilkårsparkering» langs offentleg veg og offentlege parkeringsplassar ut til offentleg ettersyn i 6 veker.

Med helsing

Sunniva Utnes Kvangersnes
konsulent

Dokumenter er elektronisk godkjent og har derfor ikke signatur

Mottakar
Jarl Martin Møller

Kopi til
Edvin Løfoll



Volda kommune

Vår referanse: 19/12134 19/20011
Saksbehandlar: Jarl Martin Møller
Dato: 27.11.2019

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
07/20	Tenesteutval for forvaltning og utvikling	28.01.2020

Regulering av parkering ved høgskulen i Volda

Samandrag:

Etter ein dialog mellom kommune og HVO har ein kome fram til at det er behov for regulering av parkeringa på høgskuleområdet. Volda kommune har inngått intensjonsavtale med Høgskulen i Volda om planlegging av avgiftsparkering på høgskuleområdet. Formannskapet var open på at andre aktuelle aktørar kan slutte seg til intensjonsavtalen. Avtalen vart signert den 1.2.2019.

I styremøte 13 juni vedtok HVO å innføre avgiftsbetaling for sine områder og at dette skulle skje - *i nær kontakt med kommunen skal vi innføre avgiftsparkering så snart som råd i haustsemesteret.*

Frå kommunen si side ser ein det som vanskeleg å handheve parkering forbudt i randsone utan å gå i samarbeid med andre. Det må lagast ein skiltplan der alle parkeringsregulerande skilt er innteikna og ein rår til å etablere parkeringsone som vist på kartvedlegg i saka

Når ein kjører inn i parkeringsona vil det vere parkering forbudt på alle **offentleg** regulerte områder og langs **offentleg** ferdsselsåre (veg). Unntaket er når det er skilta at det er lovleg å parkere eksempelvis mot betaling eller der det er opna opp for eksempelvis «parkering for tilsette».

Dette betyr at dersom innbyggjarane har tilfredstilt kravet om parkering på eige grunn så vil det ikkje ha nokon konsekvensar.

Ein foreslår innanfor parkeringsona at det er parkering forbudt **måndag til fredag** **frå klokka 08 til klokka 1600**. Det same vil gjelde for avgiftsparkering.

Rådmannen rår til at ein legg saka ut til offentleg ettersyn før endeleg vedtak i saka.

Tenesteutval for forvaltning og utvikling 28.01.2020:

Behandling:

Kommunalsjef for samfunnsutvikling, Jarl Martin Møller, orienterte og svarte på spørsmål frå utvalet.

Det vart røysta over administrasjonen si tilråding. Petter Espe (H) og Jørund Knardal (KrF) røysta i mot. Administrasjonen si tilråding vart vedteke med 6 mot 2 stemmer.

TFU - 07/20 Vedtak:

TFU legg sak om innføring av «vilkårsparkering» langs offentleg veg og offentlege parkeringsplassar ut til offentleg ettersyn i 6 veker.

Rådmannen si tilråding:

TFU legg sak om innføring av «vilkårsparkering» langs offentleg veg og offentlege parkeringsplassar ut til offentleg ettersyn i 6 veker.

Saksopplysningar:

Etter ein dialog mellom kommune og HVO har ein kome fram til at det er behov for regulering av parkeringa på høgskuleområdet. HVO og Volda kommune har hatt fleire møte om dette, og styret for HVO har slutta seg til prinsippet om å innføre avgiftsparkering. HVO har utarbeidd eit utkast til intensjonsavtale om samarbeid om planlegging av innføring av slik ordning.

Det er leigd inn konsulent til førebuingsarbeidet som er dekt av HVO. Det vert lagt opp til ei kostnadsdeling mellom HVO og Volda kommune dersom avgiftsparkering ikkje vert gjennomført.

Elles er kostnadene med innføring av dette tenkt dekt av parkeringsinntektene. Ordninga er slik at alle inntekter skal gå inn i drift og ev opparbeiding av parkeringsplassar. Volda kommune eig ein vesentleg del av parkeringsarealet ved HVO, og er derfor naturleg part i ei ordning med avgiftsparkering. Ein må finne praktiske løysingar mellom partane for å sikre at mest mogleg av inntektene går til drift og opparbeiding av parkeringsareal. Volda Campus Arena bør på eit tidspunkt inviterast med i samarbeidet.

Volda formannskap vedtok den 05.02.2019 i PS 23/19 følgjande:

Volda kommune godkjenner vedlagte utkast til intensjonsavtale mellom Høgskulen i Volda og Volda kommune om planlegging av avgiftsparkering på høgskuleområdet. Formannskapet er open på at andre aktuelle aktørar kan slutte seg til intensjonsavtalen

Intensjonsavtalen vart signert av ordførar den 1.2.2019

Førebuingsarbeidet

Innleigd konsulent for arbeidet med å utarbeide skiltplan har vore Nordplan AS og det er gjennomført møte i mellom kommune og HVO i etterkant av utkast til

skiltplan er lagt fram.

Utgangspunktet for diskusjonen har vore desse områda og omfattar 4 parkeringsområder eigd av kommunen og 9 område eigd av statsbygg. Totalt er det berekna 403 plassar eks. plassar som er reservert til andre formål.



Det har vore vidare diskutert utstrekning av parkeringssonner utover desse parkeringsplassane med omsyn til parkering på offentlege vegar i området. Randsona var i første møte definert slik:



Det vart gjennomført møte mellom HVO, kommune og konsulent den 11.6.2019. Av møtereferatet går det fram at HVO ser på ei løysing med «Autopay-løysing» (lik det som er på flyplassar) for HVO sine område og at dette også kunne gjelde for

kommunale plassar.

I planane frå konsulent er det tenkt nytta parkering forbudt skilt (nr 372) utover heile randsona noko som vil medføre at 70 skilt må opp. Det vart diskutert i møte om ein kunne nytte parkeringssone istadenfor (nr 376) som medfører ein vesentleg reduksjon av skiltgruppe og ein ser for seg om lag 13 skilt kan dekke same området. Innleigd konsulent har utarbeidd nytt forslag med parkeringsoner.

I styremøte 13 juni vedtok HVO å innføre avgiftsbetaling for sine områder og at dette skulle skje - *i nær kontakt med kommunen skal vi innføre avgiftsparkering så snart som råd i haustsemesteret.*

HVO har i epost i etterkant av styremøte den 13 juni kome orientert om at ein ynskjer ein avtale som gjeld oppfølging/implementering og at HVO vil så snart som råd lyse etter tilbod på infrastruktur/kabling og skilting – og deretter kameraløysing/betaling/praktisk drifting.

HVO ser føre seg seg å få på plass avklaringar kring :

- Bruken av plassane nord for Øyra: Kan HVO få ta alle eller ein del av dei inn i avgiftsordninga?
- Skilting i randsona, kven tek kostnaden?
- Handheving/kontroll og evt bøtlegging ?
- HVO ser det som sjølvsagt at VCA-kjellaren i neste omgang kjem med i ordninga.

Vurdering og konklusjon:

Intensjonsavtale

Volda formannskap godkjende ein *intensjonsavtale mellom Høgskulen i Volda og Volda kommune om planlegging av avgiftsparkering på høgskuleområdet.*

Føremål med intensjonsavtalen er å *medverke til å realisere ei ordning med avgiftsparkering på Høgskulen i Volda sitt område. Målet er at ordninga kan setjast i verk frå haustsemesteret 2019.*

I avtalen er det vist til at ein skal utarbeide ein skiltplan som omfattar campus og randsone. Det er vidare presisert i avtalen at ein skal avklare driftsmodell for ei avgiftsordning der det er skissert tre moglege alternativ:


- HVO tek seg av drifta
- etablering av eige selskap
- drifta blir sett bort til eit parkeringsselskap.

I avtalen er det vidare vist til at *mogeleg overskot skal øyremerkast utvikling av campus og at tidspunkt for betaling må avklarast: skal ein berre betale på dagtid, eller skal betalinga gjelde heile døgnet.*

Områdeavgrensing, handheving og regelverk

Frå kommunen si side ser ein det som vanskeleg å handheve parkering forbudt i randsone utan å gå i samarbeid med andre som eksempelvis Hapark (parkeringselskap Hareid kommune).

Kommunen har hatt ein dialog med Hapark knytt til er råd om innføring av parkeringsavgift og erfaringar knytt til parkeringshandheving. Vidare har dei kvalitetsikra arbeidet med omsyn til parkeringssoner og lagt fram eit nytt forslag som vart presentert i eit møte mellom HVO og kommunen den 10.10.2019.



Kart: 10.10.2019. Rød linje er områdeavgrensing og blå prikker er skilt parkeringssone (tosidig, viser inn/ut av sone).

Hapark viser til at det må lagast ein skiltplan der alle parkeringsregulerande skilt er innteikna. Det er fleire krav ein må vere merksam på når det gjeld vilkårsparkering og skilting, til dømes må alle offentlege skilt ha eit skiltvedtak av kommunen for å vere gyldige. HAPARK vil bistå VK i dette arbeidet.

Det er også i *Skiltforskriften* krav til korleis offentlege trafikkskilt skal vere utforma. Eit parkeringsselskap har ikkje lov å handheve skilta viss ikkje skiltinga er i henhold til fastsatte krav. Like viktig er at all skilting er tydleg og lett å forstå for publikum.

Ein skiltplan kan dekke heile det tenkte området rundt Høgskulen i same kartutsnitt.

Frå 01.01.2017 vart ei ny parkering-forskrift gjeldande, og denne gir grunnlag for eit samarbeid mellom kommunar. Norpark er bransjeforeininga for all parkeringsrelatert verksemder i Norge, og Hapark er medlem der. Etter å ha sjekka nærmare med Norpark sin advokat fekk ein følgjande svar:

«Dere kan etter ny forskrift inngå samarbeid med en annen kommune. Dette kan gjøres ved at dere inngår et vertskommunesamarbeid etter kommuneloven kap. 5. Som du skriver følger det av p-forskriften (§ 7) og forskrift om offentlig parkeringsgebyr (§ 3) at dette er tillatt.

Graden av samarbeid kan dere – etter det jeg er kjent med – avgjøre selv. Kommunen dere skal håndheve for må imidlertid selv søke om å få delegert myndighet hos Vegdirektoratet. De beskriver da i tilfellet hvilket samarbeid de skal ha med dere og hva de selv har ansvaret for når de søker. Jeg har nettopp fått en avklaring på dette fra Vegdirektoratet (muntlig). Det fremgår av forskriften at man må beholde muligheten for trafikkstyring, se parkeringsforskriften § 7, 3.ledd. Utover dette kan f.eks. både håndheving og klagebehandling utføres av dere»

Volda kommune må søke Vegdirektoratet om mynde. Ved eit samarbeid må det kome fram eksempelvis at Hareid Parkeringselskap AS vil vere det kommunale p-selskapet som skal utføre kontroll og handheving, og at det skal gjelde vilkårsparkering på offentleg regulerte områder og langs offentleg ferdsselsåre, samt handheve stans- og parkeringsforboda i Vegtrafikkloven og Trafikkreglane.

Ved søknad om mynde skal skiltplanen høyrist hos politi og godkjennast av Vegdirektoratet. Denne må følgje med i søknaden og innehalde oversikt over alle parkeringsregulerande skilt.

Når VK får tildelt mynde kan VK og eksempelvis Hapark inngå ein avtale om samarbeid.

Før eit p-selskap kan handheve dei skilta reguleringane må alle p-områda registrerast i noko som heiter Parkeringsregisteret. Dette er i regi av Statens Vegvesen (SVV) og ligg tilgjengeleg for alle på internett sida deira:
www.vegvesen.no - Trafikk – Reiseinformasjon - Parkeringsregisteret.

Alle som tilbyr vilkårsparkering er pliktige til å registrere sine p-områder på denne sida, og det er p-selskapet som er ansvarleg for å gjere dette. Dette registeret skal til ei kvar til vere oppdatert så ved endringar må ein oppdatere informasjonen. (gjeld også midlertidige endringar). Informasjon og kart i Parkeringsregisteret er meint å brukast av publikum til info om parkeringsmoglegheiter, og av Parkeringsklagenemnda ved behandling av klagesaker. Av den grunn er det lagt vekt på at karta over p-områda skal vere enkle å forstå, så ein bør dele opp sentrum i fleire ulike område.

Konsekvensar for innbyggjarane

Når ein kjører inn i parkeringsona vil det vere parkering forbudt på alle **offentleg** regulerte områder og langs **offentleg** ferdsselsåre (veg). Unntaket er når det er skilta at det er lovleg å parkere eksempelvis mot betaling eller der det er opna opp for eksempelvis «parkering for tilsette».

Dette betyr at dersom innbyggjarane har tilfredstilt kravet om parkering på eige grunn så vil det ikkje ha nokon konsekvensar.

Ein foreslår innanfor parkeringsona at det er parkering forbudt **måndag til fredag** **frå klokka 08 til klokka 1600**. Det same vil gjelde for avgiftsparkering.



eks. på skilt

Helse Møre og Romsdal

Helseforetaket vurderar innføring av parkeringsavgift, men har ikkje konkludert i saka. Det kan muligens ligge føre ei beslutning i første halvdel 2020 knytt til spørsmål om innføring av parkeringsavgift.

Økonomiske vurderingar og tidsperiode

Høgskulen har utarbeidd ei oversikt over investeringskostnadane og eit første driftsbudsjetten. Det knyter seg sjølv sagt usikkerheit til inntektpotensialet, men dette må vurderast løpende framover.

Budsjett for betalingsparkering ved HVO 2020		
	Inkl. mva	Ekskl. mva
Investeringskostnadar		
Montering av kamera	1.285.000	1.028.000
Infrastruktur i grunn (Fremføring av straum og nettverk)	411.000	328.800
Oppsetting av skilt inkl skiltplan	1.028.000	822.400
SUM investeringkostnadar	2.724.000	2.179.200
 DRIFTSBUDSJETT 2020		
Salsinntekter		
Årskort <u>tilsatte</u>	571.000	456.800
Årskort studentar	338.000	270.400
Timepris	1.019.000	815.200
SUM Salsinntekter	1.928.000	1.542.400
Driftskostnadar		
Drift av parkeringselskap	154.000	123.200
Leige av system	376.000	300.800
Provisjon parkeringsselskap	105.000	84.000
Arbeid i samband med årskort	49.000	39.200
Auka vedlikehald parkeringsplassar	426.000	340.800
Ansvarsforsikring	206.000	164.800
SUM Driftskostnadar	1.316.000	1.052.800
Driftsresultat før avskrivningar	612.000	489.600
Avskrivninger		
Avskriving investeringskostnad	272.400	217.920
Driftsresultat	339.600	271.680
Utvikling av miljø-retta tiltak innanfor betalingsområdet	339.600	271.680

Konklusjon:

Rådmannen legg fram saka for politisk handsaming og rår til at områdeavgrensing som vist på kart dagsett 10.10.2019 vert lagt ut til offentleg ettersyn i 4 veker før ein går vidare med innføre «vilkårsparkering» langs offentleg veg og offentlege parkeringsplassar.

Rune Sjurgard
kommunedirektør

Utskrift av endelig vedtak: